

Møteinnkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad: Teams
Dato: 26.04.2021
Tidspunkt: 10:00 -11:30

Møtet vert gjennomført digitalt som eit teamsmøte på grunn av koronasituasjonen. Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 97567934 eller e-post: joval@statsforvalteren.no.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 26/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 27/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 28/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker <ul style="list-style-type: none">- Delegert handsaming av enkeltsaker framover- Tenestekjøp skjøtsel kulturlandskap- Tenestekjøp kampanje byggeskikk- Oppdatering informasjonsarbeid- Gjennomføring av tiltak		
ST 29/21	Delegerte saker		
DS 5/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Flenjane - motorferdsel - snøskuter - Morten Nesbø		2020/5847
DS 6/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel med helikopter - Frondalen - Håvasete		2021/5890
ST 30/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vassetstølen - Nedbergo - istandsetting av stølshus - 55/1		2021/2525
ST 31/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmivegen - motorferdsel - elsykkel - Arild Dyrdal		2020/10046
ST 32/21	Høyringsinnspel MTA-plan - Bleia-Storebotnen landskapsvernområde - ny 420 kV-ledning Sogndal - Aurland		2019/11009
ST 33/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hallinggrovi - mellombels flaumsikring		2021/6325

ST 26/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 27/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

ST 28/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker

ST 29/21 Delegerte saker

DS 5/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Flenjane - motorferdsel - snøskuter - Morten Nesbø

DS 6/21 Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel med helikopter - Frondalen - Håvasete



Arkivsaksnr: 2021/2525-0
Sakshandsamar: Anbjørg Nornes
Dato: 02.03.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	30/21	26.04.2021

Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vassetstølen - Nedbergo - istandsetting av stølshus - 55/1

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Lars Nedberge løyve til å setja i stand stølshuset på Vassetstølen tilhøyrande gnr. 55, bnr. 1. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3. c).

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Det skal ikkje gjerast endringa på ytre fasade på tømmerdelen av stølshuset.
- Det kan setjast inn eit nytt vindauga i veggen ved sida av døra. Vindauga skal ha same storleik og utforming som dei andre vindauga i stølshuset, inntil 75x75 cm. Det skal vera lemmar i ståande kledning framfor det nye vindauga når det ikkje er folk i stølshuset. Lemmane skal gå i eit med veggen.
- Ytterdør skal ikkje ha vindauga.
- Ytterkledning på skotet skal ha ståande kledning. Brukbar kledning skal nyttast opp att dersom det er mogleg. Ytterkledning skal vera kanta bord utan fals i varierende breidde (t.d. 6", 7" og 8" bord) som vekslar tilfeldig.
- Taket skal ha bølgeblekkplater med same profil som takplatene har i dag. Brukbare takplater skal nyttast opp att dersom det er mogleg. Det skal ikkje gjerast endringar på takhøgde, takvinkel eller takutstikk. Det bør ikkje settast opp vindskier.
- Isolasjon bør vera Hunton-isolasjon som kan ta opp og avgje fukt. Dette er ikkje avhengig av plast/dampsperre inn mot varmt rom.
- Nytt materiale skal ikkje målast, men grånast naturleg.
- Dersom arbeidet ikkje er starta opp innan tre år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket.
- Det skal sendast rapport med bilde når tiltaka er gjennomført.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.



Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Aurland kommune for å søkja om løyve til tiltaket etter anna lovverk.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om istandsetting av sel på Vassete frå Lars Nedberge, datert 09.02.2021
- Bilder og teikningar frå Lars Nedberge, sendt 09.03.2021
- Ny skisse til istandsetting av sel på Vassete, Lars Nedberge, sendt 12.04.2021
- Delegert løyve gitt 08.07.2020 (sak 2020/10963)

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1 - 2008
- Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøfjorden, 2014

Vassetstølen ligg i Nærøfjorden landskapsvernområde. På Vassetstølen er det i dag eit relativt intakt stølsmiljø med tre stølshus. Lars Nedberge, eigar av gnr. 55, bnr. 1 på Nedbergo, eig det eine stølshuset på Vassetstølen. Han søker om å få restaurere stølshuset sitt. På eit av dei andre stølshusa pågår det restaureringsarbeid som verneområdestyret tidlegare har gitt løyve til. Dette omfattar utskifting av roten kledning, ny papp under takplatene, nye vindskier og vassbord til taket. Det tredje stølshuset har behov for restaurering.

Stølshusa og stølsmiljøet på Vassetstølen er vurdert i eksisterande restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, Nærøfjorden. Der er Lars sitt stølshus nr. 4 på prioriteringslista over Verneverdi/ prioritering av bygningar på høgdegardane Stigen og Nedbergo.

Bilde 1: Vassetstølen. Lars Nedberge eig stølshuset lengst til venstre i bildet. Foto: Kristoffer Ullern Hansen



Kart med Vassetstølen. Kopi fra Fylkesatlas



Lars Nedberge søkte om å restaurere stølshuset sitt våren 2020. Han fekk då løyve til å fly opp material for å rette opp at murane under stølshuset og legge nye tømmerbjelkar under huset. Dette arbeidet vart gjennomført sommaren 2020. Då tetta han også taket og sette inn nye bord i skotet der det mangla bord. Det vart også gitt klarsignal til at eit av dei gamle vindauga kunne skiftast til nytt vindaug med same storleik og utforming som dei gamle. Dei endringane som vart gjort i 2020 vart rekna som vanleg vedlikehald, og det vart gitt beskjed om at det måtte sendast inn søknad med planer og skisser for resterande vedlikehaldsarbeid på stølshuset. Det er denne søknaden som blir handsama no.

Bilde 2: Stølshuset før restaurering sommaren 2020. Foto: Lars Nedberge




I dag består stølshuset av ein lafta tømmerkasse og eit skot med ståande kledning. Det er totalt tre vindaug i selet, to i tømmerkassa og eit i skotet. To av desse måler 70x70 cm, det tredje 75x75. Vindauga er med småruta glas. Lars opplyser at mykje av materialet er rote og trengs å skiftast ut.



Bilde 3, 4 og 5: Stølshuset slik det ser ut i dag, etter arbeidet gjennomført i 2020. Foto: Lars Nedberge bilde 3, Kristoffer Ullern Hansen bilde 4 og 5






Lars Nedberge søker no om ytterlegare restaurering av selet, som vist på bygningsteikningane under. I søknaden var planen å rive skotet og bygge det opp igjen, byte eksisterande vindauge og sette inn fire ekstra vindauge i skotet. Vindauga skal ha same storleik og utforming som dei som er der no. Det vart søkt om å sette inn ei ny dør med vindauge. Det er også planar om å isolere stølshuset med glava. Lars Nedberge skriv i søknaden at stølshuset skal takast vare på slik det er i dag, og at måla på huset blir tilnærma slik som det er no.







I høve restaureringa søker Lars Nedberge om inntil 3 flygingar med helikopter for å frakte opp material og utstyr. Flyginga skal gjennomførast i juni 2021.

Etter samtale med forvaltar og innspel frå seksjon for kulturarv hjå Vestland fylkeskommune, har Lars Nedberge endra søknaden. Han vil ikkje gjera endringar på tømmerdelen av stølshuset, og det skal framleis vera ståande kledning på skotet. Kledningsbord som er i god stand vil verta brukt opp att. Takplatene må takast av for å byte taksperrer med fuktskade. Takplatene er skada slik at det må leggjast nytt tak. Det vert søkt om å sette inn 4 nye vindauge som vist i planteikninga, med lemmar for vindauge i ståande kledning slik at vindauga ikkje vil vera synlege når bygget ikkje er i bruk og lemmene dekker vindauga. Lars Nedberge viser til at det vart gitt løyve til denne ombygginga av stølshuset av Fylkesmannen i 2010, og meiner difor det framleis bør kunne gjevast løyve til ombygging. Dette løyvet gikk ut 01.01.2012 og er ikkje lenger gjeldande. I søknaden vert det vist til Norsk Standard for bygg som set krav om lys i bygningar. Han meiner lys inn i bygget er viktig for å kunne ha ein brukbar standard på stølshuset. Norsk standard gjeld nybygg og ikkje istandsetting av eldre bygningar.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle



inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Vanleg vedlikehald av bygningar kan gjennomførast utan søknad. Alt slikt arbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggjeskikk på staden når det gjeld utforming, fargar og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre vesentlege endringar på fasade på bygningen. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk*», jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c).

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Vassetstølen ligg i Nærøfjorden landskapsvernområdet. Dette er stølen til dei to gardane på Nedbergo. Det er tre ståande bygningar på stølen og to tufter med steinmurar. Dei to eldste bygga er registrerte i SEFRAK og er oppførde rundt 1920. Kulturlandskap med stølsområde og kulturminne er eit av verneførmåla i Nærøfjorden landskapsvernområde. Istandsetting av stølshus har stor verdi for å ta vare på viktige kulturmiljø. Verneforskrifta regulerer kva inngrep som kan tillatast i verneområde. Vanleg vedlikehald av stølshus kan gjennomførast utan søknad, men arbeidet skal ikkje føra til endringar på fasade på bygningen. Skifte av takmateriale, og nye og fleire vindauge er tiltak som gjev endringar på fasaden, og er søknadspliktig etter verneforskrifta.

Kunnskapen om området er kjend gjennom forvaltningsplan for Nærøfjorden, restaureringsplan for området, synfaringar, og informasjon frå grunneigar. Området er del av Nordfjella villreinområde (Naturbase 14.04.2021), men det er ikkje villrein i området i dag på grunn av tiltak mot CWD-smitte. Istandsetting av stølshuset er vurdert til i liten grad å påverka villreinområdet. Utbetring av stølshuset vil gje auka ferdsel til området i forhold til i dag, men vil ikkje gje ein vesentleg auke som kan vera til skade for villreinområdet så lenge det ikkje vert auka motorisert ferdsel knytt til stølsområdet. I perioden med vedlikehaldsarbeid må det påreknast noko auke i motorisert ferdsel.

Vassetstølen er registrert som viktig hekkeområde for våtmarksfugl i ein kommunal naturtypekartlegging. Det registrerte området er på 361 dekar og omfattar Vassetvatnet og elvelaup og våtmarksområde sørvest for vatnet. Stølsvollen ligg i utkanten av dette området, og forvaltar vurderer at dette tiltaket ikkje vil ha negativ effekt på våtmarksområdet. Under transport med helikopter bør det ikkje vera lågtflyging over våtmarksområdet på forsommaren med tanke på hekkande vadefuglar.

Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i denne saka.

Den samla belastninga eit tiltak kan få på økosystemet skal vurderast ved søknad om tiltak jf. nml. § 10. På Vassetstølen er det ikkje utført endringar på dei to SEFRAK-registrerte stølshusa, men dei er i dårleg stand og det er viktig med tiltak for å ta vare på bygga. Det tredje stølshuset er av nyare dato. Det har om lag same storleik som dei gamle stølshusa, men har ei litt anna utforming, og med ståande kledning på heile bygget. Stølen framstår likevel som eit intakt stølsmiljø, og forvaltar meiner det er viktig å ta vare på dei verneverdige



bygningane som er ein viktig del av kulturmiljøet. Bygningane fortel ein historie om bruken av landskapet.

Det er ikkje stølsdrift eller beitedyr på Vassetstølen i dag. Grunneigar ynskjer å nytte stølshuset til fritidsbruk og jakt. Det er av stor verdi at grunneigar vil ta vare på stølshuset på Vassetstølen, og det er forståeleg at han ynskjer å heve standarden på bygget for å få betre tilpassing til dagens bruk, men arbeidet må vera tilpassa den tradisjonelle byggeskikken. I heftet «*Stølar og Stølsdrift. I fortid og framtid i Hordaland og Sogn og Fjordane*» av Reidulv Gald, er det råd og tips for byggesaker som gjeld hus på stølen. Det står mellom anna at «*Dører og vindaug skal vere mest mogleg lik dei opphavlege på stølen med omsyn til storleik, gjennomgåande sprosser, lister og eventuell dekor. Store glasflater og mange vindaug er det ikkje tradisjon for*». Fleire vindaug i bygget vil gje vesentleg endring av fasaden, og vil gje bygget meir hyttepreg, sjølv om lemmar for vindauga vil minke verknaden av nye vindaug. I verneområdet er landskapet med bygningsmiljø verna, og det er ikkje opning for å gje løyve til hyttebygging. Dei opphavlege teikningane viste ei ombygging som ville endra karakteren av huset frå støl til hytte. Det er positivt at grunneigar har endra planane for istandsetting til i større grad å ta vare på bygget sitt uttrykk.

Det må gjerast ei vurdering av om tiltaka på stølshuset er tilpassa landskapet og den tradisjonelle byggeskikken på Vassetstølen. Samla sett vil endringar på stølsbygningar kunne påverka landskapet sitt særpreg, og vera i strid med verneføremålet om å ta vare på kulturlandskapet med kulturminne. Forvaltar har fått råd frå seksjon for kulturarv hjå Vestland fylkeskommune om kva tiltak som kan gjennomførast på stølshuset. Fylkeskommunen påpeikar at det enkle uttrykket til bygget må oppretthaldast for å ta vare på den historiske verdien til bygget. Det vil sei å gjera minst mogleg endringar på den ytre fasaden. Det er spesielt viktig å ta vare på bygningar der det framleis er eit autentisk stølsmiljø. På Vassetstølen har det vore lite endringar, og stølen framstår som eit heilskapleg stølsmiljø. Istandsetting av stølshuset etter tradisjonell byggeskikk vil samla sett vera positivt for landskapet, og vil ikkje føra til belastning på naturmiljøet.

For at ikkje bygningsmiljøet skal bli vesentleg endra, og samtidig gjera tiltak for å få meir lys inn i bygget, meiner forvaltar det bør gjevast løyve til berre eit nytt vindauga, ikkje fire som det blir søkt om. Det nye vindauga bør plasserast på veggen i skotet ved sida av døra. På den måten vil ein bevare uttrykket bygget har som stølshus, utan vindauga i skotet på nordsida av bygget. Vindauga bør ha same storleik og utforming som dei andre vindauga i bygget. Det bør vera lemmar i ståande kledning for vindauga når det ikkje er folk i stølshuset. Vindauga i dører er det ikkje tradisjon for, og bør ikkje gjevast løyve til.

Takplatene bør nyttast opp att dersom dei ikkje er skada. Nye bølgeblekkplater bør ha same profil som dei gamle. Utbetring av taket må gjennomførast slik at takhøgde, takvinkel og takutstikk ikkje vert endra. Taket bør ha same enkle preget som det har i dag. Det bør helst ikkje settast opp vindskier, då det ikkje har vore vindskier på dette bygget tidlegare.

Innvendig isolasjon av skotet vil ikkje føre til fasadeendring, men vil påverka konstruksjonen i bygget. Isolasjonen bør difor vera Hunton-isolasjon som kan ta opp og avgje fukt. Dette er ikkje avhengig av plast/dampspærre inn mot varmt rom. Skotet skal ha ståande kledning slik som i dag. Materiale som er i brukbar stand bør nyttast opp att.



Forvaltar meiner tilrådde tiltak vil vera tilpassa landskapet og tradisjonell byggeskikk, og vera ein god miljømessig metode jf. nml. § 12. Vestland fylkeskommune opplyser om at det kan søkjast om tilskot til tiltaket når arbeidet vert gjennomført som ein istandsetting i tråd med tradisjonell byggeskikk. Søknadsfrist er 1. desember, og tiltaket kan ikkje vera igangsett før tilskotssøknaden er behandla.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderinga i saka og vilkår for gjennomføring av tiltaka, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til istandsetting av stølshuset med heimel i naturmangfaldlova §§ 8-12 og verneforskrifta for Nærøfjorden landskapsvernområde.



Arkivsaksnr: 2020/10046-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 13.04.2021

Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmovegen - motorferdsel - elsykkel - Arild Dyrdal

Innstilling frå forvaltar

Arild Dyrdal får dispensasjon til å leige ut el-syklar som kan brukast i Nærøyfjorden landskapsvernområdet på strekningen Tråna – Hjølmo bru. Løyvet er ei utviding av prøveperioden som vart gitt løyve til i fjor, og gjeld for 2021 og 2022. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyve gjeld med følgjande vilkår:

- Arild Dyrdal kan leige ut el-syklar i Dyrdal som skal brukast på strekninga Dyrdal - Hjølmo bru. El-syklane skal ikkje brukast andre stadar i verneområdet.
- Løyvet gjeld i barmarkssesongen i 2021 og 2022.
- Dei som leiger syklar må få god informasjon om å ta omsyn til naturmiljø og folk på turen.
- Det skal sendast skriftleg rapport om tiltaket innan 01. november kvart år. Rapporten skal innehalde tal som viser kor mange gongar syklane har blitt leid ut i løpet av sesongen.
- Det må hentast inn løyve frå dei andre grunneigarane i felleseiget før sykkel-utleige kan starte.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Arild Dyrdal om dispensasjon for bruk av el-sykkel på vegstrekningen Tråna – Hjølmo, datert 6. april 2021.
- Erfaringsrapport om bruk el-sykkel i verneområdet på Hjølmovegen fra Tråna til Hjølmo bru sesongen 2020, datert 27.11.2020.
- Dispensasjon til å leige ut el-syklar som eit prøveprosjekt sesongen 2020, vedteke av verneområdestyret 21.07.2020.

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009



- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøfjorden 2007

Arild Dyrdal søker om eit treårig løyve til utleige og bruk av el-syklar på Hjølmovengen, på strekningen Tråna – Hjølmo bru, i samarbeid med Norway's best. Syklane skal leiast av besøkande og brukast i sommarsesongane 2021 – 2023. Det er i utgangspunktet snakk om seks syklar som skal leigast ut.

Frå Drægo til Hjølmo bru er det privat landbruksveg, og store delar av vegen, frå Tråna, er i Nærøfjorden landskapsvernområde. I landskapsvernområdet er all motorisert ferdsel forbode, inkludert el-sykkel.

Arild Dyrdal fekk sesongen 2020 løyve til å leige ut og bruke el-syklar på strekningen Tråna – Hjølmo bru, i Nærøfjorden landskapsvernområde. Det vart då vurdert at ein prøveordning med avgrensa løyve til utleige av el-syklar i Dyrdal eit år ville vere nyttig for å hente erfaring til arbeidet med å vurdere dette temaet i arbeidet med revidert forvaltningsplan. På grunn av situasjonen med COVID 19 vart det ein uvanleg turistsesong i 2020, og arbeidet med forvaltningsplanen har heller ikkje hatt den framdrifta som var planlagt.

Arild Dyrdal sendte inn rapport frå fjordårets elsykkelbruk 27.11.2020. Der står det mellom anna:

Perioden løyve gjelder for er fra 21/7 - 31/12 2020, har det vært svært liten kommersiell aktivitet. Det har sammenheng med at det var naturlig å stoppe markedsføringen for bedre å forstå bakenforliggende teori om bruk av el-sykler på den aktuelle vegstrekningen.

I prøveperioden har syklene i tillegg vært utlånt til studenter for å teste syklenes kapasitet samt observere og vurdere avtrykk og slitasje på vegbanen. Her kan det nevnes at det over lange strekninger var umulig å oppdage avtrykk etter sykkelhjulene, umiddelbart, dagen etter var spor i sin helhet vanskelig å oppdage. Ved oppstart har det vært orientert om sykkelens funksjon og om det å ta verneområdet på alvor. Til neste sesong vil det bli utarbeidet kunnskapsbasert informasjon om turen inn dalen og med hint til sykkelturen ved ladestasjon. De fleste turene blir med guide.

Oppsummert har det i denne sesongen vært beskjeden bruksfrekvens. Det er ikke rapportert om uhell eller komme inn merknader fra andre trafikanter. I prøveperioden har det vært benytta 5 sykler.

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».



Det er eit generelt forbod mot motorferdsel på land og i vatn/vassdrag i Nærøyfjorden landskapsvernområde jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. El-sykkel blir rekna som motorisert ferdsl i verneområde, og er dermed forbode på lik linje med anna motorisert ferdsl.

Reglane er ikkje til hinder for «naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksveggar og i nærleiken av innmark og på traktorløyper godkjende i forvaltningsplan.» Utleige av el-sykkel er ikkje ein aktivitet som faller naturleg inn under begrepet landbruksdrift. Saka må derfor handsamast etter paragraf 48 i naturmangfaldlova.

§ 48 fyrste ledd og fyrste alternativ; «*Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkåra i § 48 må vera oppfylt, både at det ikkje skal vera i strid med verneføremålet, og ikkje vera til nemneverdig skade på naturverdiane.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Løyvet som vart gitt i 2020 var for ein prøveperiode som skulle danne grunnlag for å kunne vurdere effektane av å gje løyve til el-sykkel i verneområdet. På grunn av lite erfaring å hente frå fjorårets sesong kan det vere naturleg å utvide prøveperioden.

Det vesle som var av bruk av el-syklane i fjor, viste som forventet ingen slitasje på vegbana, og ingen direkte påverknad på verneverdiar eller trua natur der el-syklane var brukt. Etersom syklinga inne i verneområdet er på ein strekning på under 1,5 km, på ein steinlagt landbruksveg, er ikkje utfordringa slitasje frå sjølve syklane. Utfordringa er at fleire personar får lettare tilgang til meir sårbare delar av verneområdet. Når ein enkelt kan sykle opp til Hjøльмо bru er det fleire som vil kunne gå lenger inn i verneområdet derifrå. Dette skapar både slitasje på terrenget, og kan vere ei utfordring for sky dyr, som villrein. Det er ikkje registrert andre trua artar eller naturtypar i området som er forventet å ta skade av litt meir ferdsl (naturbase 13.04.2021).

Frå Hjøльмо vil mange ta turen vidare mot Breiskrednosi. Turen frå Hjøльмо bru og vidare til Breiskrednosi går gjennom villreinen sitt leveområde, og er omtalt som sårbart i besøksstrategien. Delar av stien går gjennom våte myrparti der det har vore eit problem at stadig nye tråkk spreier seg utover eit stort område. I løpet av dei par siste åra har dei våtaste partia av stien mellom Hjøльмо og stølen Vassete blitt steinlagt, og det er planar om å fullføre dette arbeidet i år. Det er også planar om å merke stien tydelegare frå Vassete til Breiskrednosi. Når desse tiltaka er fullført vil utfordringa med slitasje bli mindre, men auka ferdsl kan framleis vere negativt for villreinen.

Stien mellom Vassete og Breiskrednosi vil kunne vere eit ferdslshinder for villrein dersom det blir for tett mellom folk. Då vil ein kunne avskjere beiteområdet på Skogafjellet. Skogafjellet er registrert som beiteområde både sommar og vinter, men er nok viktigast på vinteren. Det er lite kunnskap om kor mykje villreinen brukar dette området, og vanskeleg å sei kor stort problem ferdsl på barmark er for villreinen her.



Vi kan ikkje nekte folk å gå på tur i eit område, og det vil vere utfordrande å bremse den utviklinga vi ser med at ryggane mot fjorden blir meir og meir populære turområde. Det er likevel viktig å prøve å vurdere korleis løyve til el-sykkel vil bidra til den samla belastninga på området. Å avgrense løyve til motorisert ferdsel er eit av få tiltak ein kan gjere for å regulere trafikken inn i området.

Med seks sykklar til utleige vil trafikken mot Breiskrednosi auke med maks 6 personar per dag som følgje av utleigeverksemda, og sannsynlegvis mykje mindre enn det. Auka ferdsel i så pass lite omfang er ikkje forventta å ha stor påverknad på verneverdiane. Det er også viktig å ta med seg at i besøksstrategien for verneområdet er det eit mål å finne ein balanse mellom å ta vare på verneverdiane, gje gode opplevingar for besøkjande og leggje til rette for lokal verdiskaping.

Ein prøveperiode på to år vil kunne gje erfaring med både kor mange personar som tek turen, og kva det vil føre til av auka slitasje og ferdsel som kan vere negativt for villreinen. Det kan vere aktuelt å sette opp ferdselsteljar langs stien. Når ein samtidig har tal på sykkelutleige kan ein finne ut kor stor del av besøket som er knytta til denne verksemda.

Den samla belastninga på økosystemet jf nml. §10 er med dagens trafikk vurdert å vere akseptabel. Forvaltar vurderer at det er rom for å utvide prøveperioden med løyve til utleige av el-sykklar i Dyrdal. Transporten med el-sykkel er vurdert til å vere miljøforsvarleg jf. nml § 12. Transporten er vurdert til ikkje å føre til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne sak Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt nok til å kunne vurdere denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.

Samtidig er det å opne opp for el-sykkel eit prinsipielt spørsmål som bør handsamast i høve arbeidet med revidering av forvaltningsplan. Det er viktig å passe på at dette løyvet ikkje skaper presedens for andre områder, før ein har gjort ei grundig vurdering. Viss ein først startar å opne opp for ein type motorisert ferdsel ein plass, kan det i framtida bli vanskelegare å sette ei grense, både når det gjeld kva som definerast som el-sykkel, og i kva område det skal vere lov. Det er derfor viktig å presisere at løyvet som blir gitt her er forlenging av ein prøveperiode, for å hente inn kunnskap til arbeidet med revidering av forvaltningsplanen. Arbeidet med revidering av forvaltningsplan vil pågå dei neste par åra, og forvaltar meiner derfor at det ikkje bør gjevast eit tre-årig løyve no. Sidan førstkommande sommarsesong sannsynlegvis blir ein del påverka av korona, foreslår forvaltar å gje eit toårig løyve, slik at ein likevel får eit godt grunnlag for å vurdere effektane av løyvet.

Vegstrekningen frå Drægo til Hjølmo bru er ein privat landbruksveg med fleire grunneigarar. Det er viktig at Arild Dyrdal har ein god dialog med dei andre grunneigarane, og at det ikkje blir starta opp køyring med el-sykkel på vegen med mindre alle grunneigarane er einige.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar tiltaket ikkje er i strid med føremålet i verneforskrifta, og ikkje vil påverke verneverdiane vesentleg. Med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste avsnitt, tilrår forvaltar at prøveprosjektet med utleige av el-sykkel i Dyrdal som kan brukast på vegen fram til Hjølmo Bru, utvidast til å gjelde sommarsesongane 2021 og 2022.



Arkivsaksnr: 2019/11009-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 18.04.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	32/21	26.04.2021

Høringsinnspel MTA-plan – Bleia - Storebotnen landskapsvernområde - ny 420 kV-ledning Sogndal - Aurland

Innstilling frå forvaltar

Vurderinga i saka blir sendt som Nærøyfjorden verneområdestyre sin uttale til planprogrammet.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- 420 kV Aurland - Sogndal. Høyring av miljø-, transport- og anleggsplan (MTA). Datert 26.03.2021
- Forskrift om vern av Bleia-Storebotnen landskapsvernområde av 08.10.2004
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008

Nærøyfjorden verneområdestyre har motteke miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) for ny 420 kV kraftlinje mellom Sogndal - Aurland. Kraftlinja vil gå gjennom Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, parallelt med dagens 300 kV linje. Den gamle linja vil deretter rivast.



Figur 1: Kart som viser ny og gammel linje gjennom Bleia - Storebotnen landskapsvernområde.



Ein MTA er ein plan for korleis anlegget skal byggast for å ta i vare krava i konsesjonen. MTA skal konkretisere korleis Statnett skal bygge og drive anlegget, slik at miljø og landskap blir teke best mogeleg i vare. NVE ber om innspel til korleis anleggsarbeidet kan gjennomførast.

Vurdering

Føremålet med Bleia-Storebotnen landskapsvernområde «er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell. Her utgjør breisen si forming av det gamle slettelandskapet og fjordlandskapet med ein variert vegetasjon og fauna med villrein ein vesentleg del av landskapets karakter».

Dagens kraftlinje mellom Aurland og Sogndal var bygd når Bleia-Storebotnen landskapsvernområde vart verna, og er omtala i § 3, kapittel 1 i verneforskrifta.

1. Landskapet

1.1 Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter.

1.2 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:



b) Drift og vedlikehold av eksisterende kraftledning og andre luftledningar, kablar, vatningsveiter, løypestreng, gjerde m.m.

d) Oppgradering/fornyng av kraftledning for heving av spenningsnivå og auking av linjetverrsnitt når dette ikkje krev vesentlege fysiske endringar i strid med verneføremålet.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

d) Oppgradering/fornyng av kraftledning som ikkje faller inn under pkt. 1.2

Bygging av ei heilt ny kraftlinje med nye og betydeleg større master vil medføre vesentlege fysiske endringar, og vil måtte søkast om og handsamast etter verneforskrifta § 3, kap 1, punkt 1.3.

I tillegg til punkta der kraftlinja er omtala direkte, er det verdt å merke seg følgande punkt i verneforskrifta som vil ha relevans for MTA.

2.1 Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Innføring av nye planteartar er forbode.

4.1 All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

5.1 Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter over bakken og landing. Henting og bringing av passasjerar og gods der luftfartøyet ikkje kommer i direkte i kontakt med bakken, er også forbode.

6.1 Forureining og forsøpling er forbode samt bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet.

Bygging av ny kraftlinje fell ikkje innanfor unntaka i forbodet mot motorferdsel, eller det verneforskrifta opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til. All løyve til motorisert ferdsel i samband med arbeidet må derfor søkast om og handsamast etter § 48 i naturmangfaldslova.

§ 48 (dispensasjon frå vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Sjølv om det kan argumenterast med at ny kraftlinje er ei vesentleg samfunnsinteresse, vil det vere aktuelt å stille strenge vilkår til gjennomføringa av arbeidet, for å sørge for at den negative påverknaden på landskapsvernområdet blir så liten som mogleg.

Nærøfjorden landskapsvernområde vil påpeike at omsyn til natur og miljø må vere førande i MTA-planen, og vil i denne runda gje følgjande innspel til korleis anleggsarbeidet kan gjennomførast:

- I kapittel 6.5.4. om rovfugl står det at det berre finnes registreringar av eldre dato. Likevel slår Statnett seg til ro med å ta omsyn til dei registreringane som finnes. Det



er i utgangspunktet positivt at helikoptertrafikk blir avgrensa til ein korridor langs linja, i staden for å innføre særskilde omsynssoner der det ikkje skal vere helikoptertransport, men det kan likevel vere enkelte parti langs linja der ein må ta ekstra omsyn i periodar av året. Nærøfjorden verneområdestyre ber om at Statnett gjennomfører nye registreringar av både fugleliv og andre artar i området, slik at ein har oppdatert kunnskap om hekkeområde og eventuelle andre viktige biotopar å ta omsyn til. Med det omfattande arbeidet ein skal i gong med her står ikkje kunnskapsgrunnlaget i forhold til risiko for skade på naturmangfaldet jf. nml § 8. Mangelfulle registreringar av naturtypar og artar vart også påpeika av Nærøfjorden verneområdestyre i høyring sendt 06.06.2019. Det vart då bedt om nye registreringar av naturverdiar i landskapsvernområdet. Viss det ikkje er gjennomført nye registreringar ber vi om at dette blir gjort og lagt fram i søknad om løyve etter verneforskrifta.

- I tabell 3 Oversikt over milepæler i prosjektet (s 10) står det at «opprydning og istandsetting skal være ferdig senest to år etter at anlegget eller deler av anlegget er satt i drift». Nærøfjorden verneområdestyre ber om at opprydding og istandsetting i Bleia-Storebotnen landskapsvernområde skjer straks linja er bygd ferdig i denne delen av området. Det er spesielt viktig at ein blir fort ferdig med heile arbeidet i dette området med tanke på villreinen som skal reintroduserast her. Til revegetering er det viktig å berre bruke stadeigen vegetasjon, og ikkje tilføre massar frå andre stadar, då dette kan føre til spreiding av nye artar.
- Det er positivt at Statnett prøver å ta omsyn til sårbar vegetasjon i landskapsvernområdet ved å unngå køyring i terrenget mest mogleg, køyre i eksisterande spor der det er mogleg og avgrense bruk av beltegåande gravemaskin til fundamentarbeid. Utfordringa med dette er at det blir lagt opp til omfattande bruk av helikopter til å frakte både material, utstyr og folk. I Forvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøfjorden er det eit mål å halde motorferdselen i verneområda på eit så lågt nivå som mogleg. Vidare er det spesifisert at «landing med og transport av personar i verneområda er i utgangspunktet forbode. Slike løyve vil normalt heller ikkje bli gjeve». På bakgrunn av dette vil Nærøfjorden verneområdestyre utfordre Statnett til å tenke nøye gjennom korleis ein kan minimere helikoptertransporten til det som er absolutt naudsynt for å gjennomføre arbeidet. Dette krev god planlegging og klare føringar til underentreprenørar som er ansvarlege for transport, og at miljø og klima stør høgt på dagsorden både ved planlegging og gjennomføring av tiltak. Det er lagt opp til å ha ein midlertidig baseplass inne i verneområdet, og ein på kvar side utanfor vernegrensa. Langs delar av traseen er det gamle køyrespor. Statnett skriv også at det vil vere aktuelt med «fremskutt innkvartering» i fjellet. I staden for å basere seg på å fly fleire arbeidslag inn og ut med helikopter kvar einaste dag, ber vi m.a. Statkraft saman med underentreprenørar om å vurdere moglegheita for at arbeidslaga kan bu i området over fleire dagar. Dette vil også kunne redusere tida brukt til transport, og vere med å redusere problematikken med at arbeid må utsettast i periodar med dårleg flygevêr, og kan vera eit tiltak for å få gjennomført arbeidet i området raskare.
- Det er positivt at arbeidet blir gjennomført i denne perioden når det ikkje er villrein i sone 1 i Fjellheimen villreinområde. Det vil vere bra om Statkraft kan prioritere arbeidet innanfor villreinområdet først, slik at alt eller mesteparten av arbeidet kan ferdigstillast før villreinen blir reintrodusert til området.



Arkivsaksnr: 2021/6325-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 22.04.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	33/21	26.04.2021

Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hallinggrovi - mellombels flaumsikring

Innstilling frå forvaltar


Nærøyfjorden verneområdestyre gir Aurland kommune løyve til å bruke gravemaskin for å justere elveløpet i Hallinggrovi i Nærøydalen. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde, § 3, punkt 1.3 g) og naturmangfaldlova § 48.

Løyve er gjeve med fylgjande vilkår:

- Omfanget av arbeidet med graving og masseflytting skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Køyringa skal skje langs trase avmerkt på kart i saka, og slik at den er mest mogleg skånsam for naturmiljøet, og set minst mogleg spor i terrenget.
- Gravinga i elveløpet skal utførast slik at minst mogleg finmasse blir virvla opp og ført med elveløpet ned til Nærøydalselvi.
- Arbeidet skal gjennomførast innan 15. juni 2021.


Saksopplysningar

Hallinggrovi er ei sideelv til Nærøydalselvi som kjem ned på sørsida av Nærøydalen, rett vest for busetnaden på Skjerpi. Ned til ca høgdekote 70 renn den i Nærøyfjorden landskapsvernområde (figur 1).




Figur 1. Hallinggrovi i Nærøydalen.

Det vart i 2010 bygd ein ledevoll for å sikre busetnaden på Skjerpi mot flaumskred. Eit større flaumskred i 2020 førte til at Hallinggrovi endra løp, slik at ledevollen ikkje lenger fangar opp alt vatnet i flaumperiodar (figur 2). I periodar med mykje nedbør blir det no overfløyming i og ved busetnaden på Skjerpi.



Figur 2. Ledevoll bygd etter skredhending i Hallinggrovi i 2010 for å sikre busetnaden på Skjerpi mot flaumskred (blå pil). Raude piler angir vanlegaste overløp av skredmassar frå Hallinggrovi. Etter flaumskredet i 2020 fylgjer vatn frå Hallinggrovi pila lengst aust.

For å hindre at flaum gjer skade på busetnad og innmark på Skjerpi ynskjer kommunen å søke om eit større arbeid med flaumsikring av elva i overkant av det nye elveløpet. Dette arbeidet vil ikkje kunne gjennomførast før til hausten. For å redusere faren for skade på bygningar under vårflaumen i år, søker Aurland kommune no om eit mindre tiltak med justering av elvefaret for å leie flaumvatnet tilbake i elveløpet. Det skal beltast opp med gravemaskin langs traseen merka av i kartet i figur 3, og flyttast masser i elva slik at vatnet blir ført tilbake til hovudløpet i elva. Arbeidet er vurdert å ta rundt 14 dagar. Oppstart er avhengig av vêrtilhøve, men kommunen har ei målsetting om å få dette gjennomført innan 1. juni.



Figur 3. Tilkomsttrase for graving i elvefaret i Hallinggrovi.

Dokument som bakgrunn for saka:

- E-postutveksling med søknad frå Aurland kommune 21.-22. april 2021
- Hallinggrovi, Skjerping. Vurdering av tiltak for å redusere skred og flomfare, NGI-rapport, 13.10.2020.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002



- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1 - 2008

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter»

Området er verna mot «...sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral...» jf. § 3 pkt. 1.1. a). Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «ras- og flaumsikring av busetnad og innmark».

Det er forbod mot motorferdsel på land og i vatn/vassdrag. Dette tiltaket fell ikkje inn under dei spesielle dispensasjonsreglane, og må derfor handsamast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ; «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre inntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig». Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Å få Hallinggrovi tilbake i sitt opphavlege løp er viktig for å hindre flaum og skade på busetnad og innmark på Skjerpi. Flaumsikring er noko verneforskrifta opnar opp for at ein kan gje løyve til, men bruk av gravemaskin til dette formålet må handsamast etter naturmangfaldlova § 48.

Det blir søkt om å køyre opp med gravemaskin i ein trase langs, og delvis i, elvefaret. Dette blir av søker vurdert som den traseen som vil gje minst inngrep i landskapet. I følgje søker krev denne traseen «minimalt med hogging av skog, går langs kanten av grovi og etterlet seg minimalt med synleg spor i landskapet, ettersom dette er i stadig bevegelse avhengig av flaumvatn som strøymer ned.»

Både køyringa langs elva og inngrepet med graving i elvefaret vil vere lite synleg i terrenget etter at det er gjennomført, og gje liten påverknad på landskapet. Det er ikkje registrert nokon trua artar eller naturtypar i området (Naturbase 22.04.2021), og tiltaket er ikkje forventa å føre til skade på naturmangfaldet i verneområdet. Nærøydalselva er eit nasjonalt laksevassdrag rett utanfor verneområdet, nedstraums Hallinggrovi. Rogn og yngel ligg i grusen på denne tida. Køyring og graving i Hallinggrovi må difor gjerast så skånsamt som



mogleg for å unngå at finstoff vert rota opp og ført vidare nedover elva. I for store mengder kan finstoff tette til grytegroper og gje skade på rong og yngel.

Hallinggrovi ligg i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøfjorden. Dei aktive geologiske prosessane i området er ein viktig del av innskrivingsgrunnlaget. I utgangspunktet er flaum ein viktig naturleg prosess i forming av landskapet, men når det kan føre til skade på bygningar og innmark må desse omsyna også vektleggjast. Tiltaket vil ikkje gje store endringar i landskapet, og det vil vere med å sikre innmarka og dermed ta vare på kulturlandskapet i Nærøydalen, som også er ein viktig verneverdi. Tiltaket er ikkje forventa å auka belastning på naturmangfaldet vesentleg, jf. naturmangfaldlova § 10. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.

Tiltaka som vert utført skal avgrensast til det som er naudsynt for å unngå store skadar ved neste flaum, og arbeidet skal gjerast mest mogleg skånsamt for naturen. Ettersom det er store og tunge massar som skal flyttast på er det naudsynt å bruke gravemaskin for å gjennomføre arbeidet. Arbeidsmetoden vert vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet jf. naturmangfaldlova § 12. Bruk av gravemaskin i elveløpet kan gje ein risiko for naturmiljøet ved eventuell lekkasje av drivstoff. Tiltakshavar skal bera kostnadane med å hindre skade på naturmiljøet medan arbeidet pågår, jf. naturmangfaldlova § 11.

Konklusjon

Tiltaket med flytting av masse i elvefaret vil i liten grad føra til endring av landskapets art eller karakter, og det kan vera med og førebyggje at vårflaumen øydelegg hus og innmark. På bakgrunn av vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12 og verneforskrifta, meiner forvaltar tiltaket ikkje er i strid med verneformålet eller fører til nemneverdig skade på verneverdiane. Forvaltar meiner det kan gjevast dispensasjon frå verneforskrifta til tiltaka slik det kjem fram i innstillinga, med heimel i § 3, punkt 1.3 g) og naturmangfaldlova § 48.